



På jakt etter det norske skieventyret

Som smågut rusla Kristian Finborud i ryggen på far sin på lange skiturar. Opplevingar og inntrykka frå dette kom mange år seinare til uttrykk i kunsverka om "Det norske skieventyret".

Inn med morsmjølka:

Eg avtalte ein skitur med Finborud for å sjå litt av mannen bak dei arige skibilda. I slutten av januar ein vakker dag, tok me oss ein skitur i Raundalsfjella på Voss.

-Det er lenge sidan eg har gått på bortover ski no, lurer litt på kvar skia er, seier han og er glad for å få låna eit par med Åsnes Ingstad på turen.

Frå Kvitno set me kursen innover mot stølen Remlo. Undervegs tek me ein stogg under ei gamal furu og lagar kaffibål og et nista, nett som då eg var smågut, seier han. - Du veit at frå eg var 5 år så var eg på skiturar kva helg med far min i Porsgrunnmarka. Me hadde også ein gamal fin støl på Røros, der far min var ifrå. Den grå store sekken, treskia, eplenikkens, anorakk, beksemstøvlane, strikkevottane og hua til faren sett gjennom egne guteauger er ofte brodden i bilda. Ja det er eventyret om det enkle og trauste då me som tiåringar gjekk minst ei mil på sundagstur, og skreiv iherdig ned på distansekortet for å konkurrera med dei andre om å gå mest på ski.

Blått og kaldt

- Det var i 2003 då eg skulle ha ei utstilling på Finse at eg måte ha noko anna å vida fram enn bade- og sommarbilde frå Porsgrunn sin skjærgard. I løpet av ein måned produserte eg 25 skimotiv, som gjekk rett inn mellom ski-folket på Finse. Eg hadde dårleg tid og brukte berre blått, som er kaldt og vinterleg. Eg treng ikkje ta ein skitur for å få ny inspirasjon. Det har eg frå tidlegare opplevingar, og då kjem dei rullande ut or pressa som vakre trykk, i avgrensa tal, nummerert og signert. Dei siste 3 mnd har eg laga ca 40 nye skimotiv, seier han.

Med «Det norske skieventyret» kan ein no hyggja seg med Kristian Finborud i bokform. Her har ein samla kunstnaren sin eigen erfaringar på ski på godt og vondt. Han er i ferd med å verta eit husvarmt namn, med sine skildringar av folk i hytteveggen og

skibakken. Boka har allereie vekt humring, fnising og gapskratt blant turistforeningen sine turfolk. I boka gjev dei korte tekstane ein lunande varme til dei blå og kalde bilda, som glir rett inn i folkesjela. Kven har ikkje forbanna seg over fiskebein og bakglatte ski og irritert seg over den supersportslige familien i nabohytta?

Han har ulike utstillingar omkring i landet og motiva er mange. Han har ikkje klatra sjølv, men å sitja på stupkanten på Dyrhaugsryggen gav nok frykt og inspirasjon til å laga flotte teikningar med humor om klatring, som vart ein storslager på utstillinga på Turtagrø i 2005.

I pudderdyna

Frå Remlovarden på 960 moh, ser me vidt over Vossefjella denne dagen i klarver og varmande sol. Det er silkeføre med 10 cm pudderdyne på toppen. Det er lett å sjå at Finborud er "fødd med ski på beina". Eg kjennar att posituren på mange av teikningane og "stavheng", å kvila på stavane når ein er trøyt, kjem av seg sjølv undervegs på turen når ein kneik er forsert, og Finboruden må få pusten att. Innover Flatafjellet meistar han både fokksnø og ujamnt underlag og ser nesten ut som ein polarrev der han luskar avgarde. Eg lokkar med Vetlanosi og utsikt frå 1120 m over Oppheim, men dagen er på hell og unna-bakkane lokkar. Nedover går det i fine svingar der han meistar både fokksnø og ustabil underlag. I eit langdriv er han også nede i posituren til teikningen "telemarkskongen" før han forsvinn i eit kvit sky og endar på ryggen. Då me er nede ved Fyrjo smiler den raude kveldssola fagert mot oss. Månesigden tek over i den blå timen på vegen ned att til Kvitno.

- Her på Voss har det dei siste åra vorte mest telemarkskøyring i skibakkar, med "panserutstyr", men kanskje må eg finna tur-skia fram att for fullt nikkar han.

- Av og til vert Voss litt for liten for ein bygut som meg, og då er det godt å ha Bergen tett på. Takk for årets finaste skitur, og neste gong vil eg på Vetlanosi, seier Finborud med sitt gode smil idet han vinkar farvel midt på Vossevangen.

TEKST OG FOTO: SVEINUNG KLYVE



Fakta om Kristian Finborud:

Fødd 1964 i Porsgrunn
Gjekk på Voss Folkehøgskule
Gjekk ut frå Kunsthøgskolen i Bergen i 1988
Har budd på Voss sidan 1989.
Jobba fyrst som lærar og deltid kunstnar, men er i dag fulltid kunstnar
Har spesialisert seg på etsing og trykk
Har siden 1988 hatt ca. 20 separatutstillinger og deltatt på en rekke andre utstillingar.

T.v. i midten: "Førstemann til toppen".
Teikning av Finborud. Bileta viser òg døme på begrepet stavheng ...

Den gode praten er viktig når ein møter fjellfolk. Men gløym ikkje avstanden!